



Jone Rørheim tok ein fisk på 8 kilo i fjor

Årsmøtet i elveigarlaget bestemte at sesongkvota er maksimalt 15 fiskar på land per fiskar. No er fiskereglane for 2013 offentleggjort på laget si heimeside og her går det fram at døgnkvota er 2 fiskar på land. Når 2 fiskar er på land, skal ein sluta å fiska.

**Sesongen er som i fjor frå 15. juni til 1.september.
Innløpet til Gravehølen er stengt for fiske.
Skjellprøver skal takast og leggjast i postkassa ved brua.**

Her er nokre av dei andre punkta i reglane:

- * Fangst skal rapporterast inn før det vert løyst nytt kort
- * Fangst skal rapporterast inn på nettsidene., enten med PC eller SMS. Dei som ikkje har tilgang til PC eller mobil skal ta kontakt med oppsynet eller styret.
- * Det vert sterkt oppmoda om å setja tilbake vinterstøingar og farga hofisk.
- * Parker på oppmerkte stader.
- * Gå ikkje over dyka mark, men langs elva eller på stiar
- * Alt fiske skal gå bevegeleg nedstrøms for å sleppa nye fiskarar til
- * Det er forbode å rykkje fisken.
- * Det kan kun fiskast med stang. Agn skal vera naturleg mark, sluk, spinnar, wobblers eller fløge.

* Utstyr som har vore nytta i andre vassdrag skal desinfiserast.

EIN FINN HEIMESIDA I SPALTA TIL VENSTRE HER

Av Ola Matti Mathisen